

Saksbehandlar: Emil Christensen Birkeland  
Sak nr.: 20/4805-26

## Klagehandsaming - Dispensasjon Masseuttak Myradn

### Rådmannen rår plan- og forvaltningsutvalet til å gje slik tilråding

Plan og forvaltningsutvalet rår kommunestyret å gjere slikt vedtak:

Plan og forvaltningsutvalet tek ikkje klagen på vedtak om lenging av masseuttak på Myradn til følgje. Dette vert grunngeve med at klagen omhandlar problemstillingar som har vore vurdert tidlegare i prosessen og slik danna grunnlag for vedtak. Klagen fremjar ikkje nye opplysningar som kunne hatt betydning for utfallet av saka ved vedtak fatta i kommunestyret den 21.10.2020. Det vert ut over dette vist til vurderingar i saksutgreiinga til saka.

Saka vert sendt til Statsforvaltaren i Vestland for endeleg avgjerd.

### Vedlegg:

- 1) Klage på vedtak – Masseuttak Myradn
- 2) Signaturar frå bebuarar.
- 3) Støymålingar
- 4) Støvnedfall
- 5) Uttalelse frå DMF
- 6) Rapport Radontest
- 7) Saksframlegg kommunestyret
- 8) Brev avvising klage – Fredheim Maskin og Betong AS

---

## SAKSFRAMSTILLING

---

### 1. Samandrag

Kommunestyret handsama saka i kommunestyret den 21.10.2020 og gjorde slikt vedtak:

*Plan- og forvaltningsutvalet gjev Kaupanger Hovedgård dispensasjon frå Reguleringsplan Industriområde Myradn, del av gbnr. 105/2, føresegn vedteke 01.12.2016 jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2. som lyder:*

1. *Området kan nyttast som masseuttak fram til november 2020. Denne tida inkluderer avslutning, opprydding og tilsåing*
2. *Driftstid på anlegget setjast til 07.00-18.00, måndag til torsdag, og 07.00-16.00 på fredag.*

*til slikt dispensasjonsvedtak:*

*Området kan nyttast som masseuttak fram til 31.12.2024, i samsvar med konsesjon. Denne tida inkluderer avslutning, opprydding og tilsåing.*

Det vert sett følgjande vilkår for dispensasjonen:

- Sprenging, pigging og knusing av massar skal vere ferdig innan 3,5 år, og i samsvar med vedlagt framdriftsplan.
- Arbeid med pigging og knusing skal avgrensast til tidsrommet måndag-torsdag 07.00-16.00 og fredag 07.00-12.00.
- Sprenging skal avgrensast til tidsrommet måndag-onsdag kl. 07.00-19.00
- Lause massar skal lagrast slik at støyulemper frå verksemda mot kringliggjande bustader vert avgrensa så langt som råd er.
- Det skal setjast opp støymålar som dokumenterer drifta og at støytilhøva frå verksemda ikkje overstig grenseverdier for støy.
- Det skal etablerast system for SMS-varsling av sprenging.

Vedtaket vert grunngeve med at slikt midlertidig bruk legg til rette for å klargjere arealet til næringsverksemd i samsvar med reguleringsplanen. Det vert vidare vist til vurderingar av fordelar/ulemper og grunngeving i saksutgreiinga under punkt 2 «Vurderingar og konsekvensar».

Det skal haldast halvårlege dialogmøte mellom tiltakshavar, entreprenør og administrasjonen for å sikre at framdrifta er i samsvar med planen og at andre vilkår i vedtaket vert følgde opp.

Det er kome inn 2 klagar på vedtaket.

Det er kome inn klage frå Inge Malm mfl., som er busette i byggjefeltet på Kaupangerskogen. Vi vurderer klagarane til å ha rettsleg klageinteresse ut i frå at det er sannsynleg at støy- og støv frå masseuttaket kan påverke deira eigedomar negativt. Klagen er rettidig framsett og vilkåra for å klage er til stades. Klagen er vurdert under punkt 2.

Fredheim Maskin og Betong AS er vurdert til å ikkje vere part i saka og har ikkje rettsleg klageinteresse. Klagen deira blei difor avvist i brev 10.12.2020, vedlegg 8, jf. forvaltningslova § 28.

Det er sendt inn underskriftskampanje frå 131 bebuarar på Kaupanger, vedlegg 2. Dette er eit opprop til kommunen om at steinuttaket vert stoppa i høve gjeldande reguleringsplan, og vert ikkje vurdert som del av klagehandsaminga.

## **2. Klage frå Inge Malm, Tor Eikemo, Erling Aune og Rune Aa.**

I klagen er det hevda at det ligg føre feil i saka som har hatt tyding for vedtaket. Under er punkt i klagen lista opp, saman med administrasjonen sin vurdering. Heile klagen ligg vedlagt.

- 1) Saka om steinuttak på Myradn med steinuttak og steinknusing har så store konsekvensar for miljø og innbyggjarar at den ikkje kan handsamast som ei dispensasjonssak.

Administrasjonen sin vurdering: Kva som kan handsamast som ei dispensasjonssak kjem fram av plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2. Dispensasjon kan ikkje gjevast dersom omsyna bak føresegna det dispenserast frå, eller omsyna føremålsføresegna i lova blir vesentleg sett til sides. I tillegg må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene etter ei samla vurdering. Vurderinga knytt til § 19-2 kjem fram av saksframlegg til kommunestyret, sjå vedlegg 7.

Moglegheita for uttak av massar vart gjort ved endring av reguleringsplan, vedteke 01.12.2016. Alternativet til å handsama saka som ei dispensasjonssak er enten ny detaljreguleringsplan eller endring av detaljreguleringsplan. Då eksisterande reguleringsplan allereie legg til rette for uttak av massar ser administrasjonen det som mest tenleg å handsame lenging av masseuttaket som ei dispensasjonssak. Vi vurderer at ei slik handsamingmåte er i tråd med føremålsføresegna § 1-1 i plan- og bygningslova og § 19-2 om dispensasjon, då vedtaket gjeld ei frist for gjennomføring av naudsynt grunnarbeid som legg til rette for arealbruken reguleringsplanen opnar for. Ut i frå dette ligg det ikkje føre feil i sakshandsaminga.

- 2) Det ligg ikkje føre støy og støvmålingar som dokument i saka.

Administrasjonen sin vurdering: Støy og støvmålingar vart sendt kommunen 14.10.2020 og har soleis ikkje vore vedlagt til politisk handsaming. Administrasjonen ser at desse målingane kunne vore etterspurt på eit tidlegare tidspunkt. Forureining frå støy og støv har likevel vore eit sentralt tema ved kommunen si handsaming av dispensasjonssøknaden, jf. vurderingar i saksframlegget og vilkår i vedtaket i denne saka.

Vi vurderer ut i frå dette at det ikkje har hatt avgjerande tyding for utfallet av saka at støy- og støvmålingar ikkje var tilgjengeleg ved handsaminga.

- 3) Dispensasjonssøknaden er ikkje vurdert i høve til «Forskrift om begrensning av forurensning».

Administrasjonen sin vurdering:

Masseuttaket er gitt konsesjon etter minerallova, og vurderingane opp mot forureiningsforskrifta ligg til konsesjonsmyndigheita. Driftskonsesjon blir tildelt av direktoratet for mineralforvaltning som skal gjere vurderinga om eit uttak av massar er i tråd med lova. Ved tildeling av driftskonsesjon skal det leggjast vekt på omsyna i mineralloven § 2, mellom anna verknader for miljø. Forvaltning og bruk av minerallressursar skal ivareta omsynet til mellom anna omgjevnadane og nærliggande områder under drift. Direktoratet kom til at det ikkje var avgjerande moment som talte imot å tildele driftskonsesjon for masseuttaket. Slikt sett skal konsekvensane for omgjevnadane og nærliggande områder vere vurdert i konsesjonshandsaminga. Vi vurderer at ei sjølvstendig vurdering av dispensasjonsvedtaket opp mot forureiningsforskrifta ikkje er naudsynt, då fristen og vilkåra i dispensasjonsvedtaket avgrensar eit tiltak det allereie er gitt konsesjon til. Ut i frå dette vurderer vi at det ikkje ligg føre feil i saksframstillinga.

### **3. Samla vurdering**

Det er direktoratet for mineralforvaltning som er tilsynsmyndigheit for støy- og ureining frå masseuttaket, medan kommunen som plan- og bygningsmyndigheit er ansvarleg for å følgje opp egne vilkår som er sett til dispensasjonsvedtaket. Tiltakshavar pliktar til å halde seg innanfor gjeldande vilkår i høve støy og støv. Som følgje av vedtaket skal kommunen gjennom tilsyn sikra at krav i gjeldande regelverk og vilkår for vedtaket følgjast.

Vi vurderer at den innkomne klagen omhandlar problemstillingar som har vore vurdert tidlegare i prosessen og slik danna grunnlag for vedtak. Klagen fremjar etter vår vurdering ikkje nye opplysningar som kunne hatt tyding for utfallet av saka ved vedtak fatta i kommunestyret den 21.10.2020.

Administrasjonen rår til at Plan og forvaltningsutvalet ikkje tek klagen til følgje og at saka vert sendt til Statsforvaltaren i Vestland for endeleg handsaming.